



DEN NORSKE KYRKJA Førde kyrkjelege fellelsråd

dok 167

Kultur- og Kirkedepartementet
200800738 1.9.08
Kode: Ki-501

Kultur og Kirkedepartementet
Postboks 8030, Dep
0030 OSLO

Vår ref.: 008.0 79 - 2008

Deres ref.:

Datert: 10.07.08

Høyring - innstilling Styrka demokrati i Den norske kyrkja

Tilbakemelding frå Førde kyrkjelege fellelsråd.

Demokratiarbeid er viktig. Det er også eit demokratisk problem at denne går til uttale til sokne og fellelsråd rett før ferien, og høyringsfrist er sett før rådsarbeidet er kome skikkeleg i gang. Denne tilbakemelding er ikkje handsama i fellelsrådet.

Val i 2011

Ein er ikkje udelte positiv til at det skal gjennomførast val både i 2009 og 2011. Når det er valordning ein legg vekt på og ikkje vallengde, så bør valordning følge den naturlege frekvens. "Det vert ikkje reelt å evaluere ei ordning når ein endrar ei ordninga for å få den evaluert"

Tilskot

1. krone pr medlem som administrasjonstilskot i ein satsingsperiode er så godt som inkje.

Representasjon

Arbeidsgruppa er inno problemstillinga leke tilsette sin representasjon i råd og utval. Utvalet kjem ikkje med noko endringsframlegg på dette punktet. Det er stor ulikskap på tilsette hjå fellelsråd og bispedøme på tilgang til styrande råd og organ. Ein kan også stille spørsmål kvifor ikkje leke tilsette har røysterett ved utnemning av biskop. Men dette treng ein kanskje ei eiga høyring på; "Ansvarsdeling og rolledeling mellom råd og tilsette, og mellom regionalt og lokalt tilsette."

Kurs for rådsmedlemmer

Kurs for nye rådsmedlemmer bør spres litt utover – bispedømet sine prostviskurs kan t.d. kome eit år etter – meir prega av "kor går det" og inspirasjon til vidare innsats

Rådsbok for folkevalde

Det vert ved kvart val laga ei bok for soknerådsmedlemmer av kyrkjerådet og ei bok for fellelsrådsmedlemmer av KA. Det bør utarbeidast ei felles handbok for rådsmedlemmer. I demokratibygging er det viktig at ein får lett, tilgjengeleg og oversiktleg informasjon. At alle fellelsrådsmedlemmer skal forhalde seg til to handbøker som er delvis overlappande er ikkje ei god løysing.

Storleik på bispedømeråd

Det er vår vurdering at rådet vert unødig store – eit råd vert ikkje meir demokratisk dess større det blir, det er like mykje avhengig av god tilrettelegging for rådet.

Frikjøp av rådsmedlemmer

Frikjøp av sokneråds og fellesrådsleiarar vil vere eit godt grep, men det feil å legge til grunn berre større fellesråd. Store fellesråd kan ofte ha ressursar som gjer rolla for leiar er lettare enn det er i små råd.

Elektronisk stemmegiving

Elektronisk stemmegiving vil vere eit svært positivt tiltak, her kan gjerne kyrkja gå føre. Det er grunn til å tru at det vil vere eit enkelttiltak som kan gje stor effekt på valdeltakinga.


Valdag.

Felles valdag over heile landet er viktig, å legge den på same dag som stortingsval kan fungere bra. Om kommune, fylke og stortingsval vert på same dag vil soknerådsvalet lett drukne. Men truleg vil felles valdag ha fleire fordeler enn ulemper.

PR

Det er viktig med sentrale gode marknadsføringstiltak i samband med soknerådsvala.

For Førde kyrkjelege fellesråd



Oddvar Etnestad

- kyrkjevevje -